



## Omtale av driftsåret 2018

### Styret vårt:

Jon O. Nummedal, 6893 Vik i Sogn, leiar  
Henny K. M. Skildheim, 6872 Luster, nestleiar  
Ole Jørgen Lerum, 6856 Sogndal  
Ingmar Hjellum, 5745 Aurland  
Erling Gjerde, 6863 Leikanger  
Ole Tjugum, 6899 Balestrand  
Terje Prestegård, 6888 Borgund  
Tage Nondal, 6869 Hafslo - tilsette sin representant

1. vara, Knut Bøyum, 6848 Fjærland - møter til alle styremøte
2. vara, Arild Steinar Nes, 6878 Veitastrond
3. vara, Jarle Barsnes, 6856 Sogndal

<b>Medlemer, aktive:</b>	<b>329</b>	(321)
<b>Tilsette:</b>	<b>778</b>	(767)
<b>Landbruksvikar:</b>	<b>5,5</b>	(5,3) årsverk
<b>Administrasjonen:</b>	<b>1,5</b>	(1,5) årsverk

**Revisor:** PriceWaterhouseCoopers, PwC, Sogndal.



*6 medlemmer heidrar avløysaren sin: Frå v: Harald Hess, Steinar Kalhagen (avløysar), Kjetil Lomheim, Olav Harald Alme, Claus Moe, Terje Torgersen og Einar Venjum.*



## DRIFTA

31 saker er handsama i styret på 4 styremøte.

**Geografisk område:** 8 kommunar: Luster, Sogndal, Leikanger, Aurland, Lærdal, Årdal, Balestrand og Vik.

**Styreform:** Samvirkeforetak SA.

Auke i omsetnad for 2018 på 8 % og godt over budsjett.

På grunn av aukande etterspurnad etter avløyssar, spesielt ved sjukdom, vart det annonsert gjennom Facebook. Dette vart vellukka og me har knytt til oss fleire nye deltidsavløyssarar, studentar og andre.

### Tenestene våre:

- **Tilgjengeleg arbeidskraft**
- **Beredskap ved sjukdom**
- **Arbeidsgjevaransvar og utbetaling av løn**
- **Arbeidshjelp til andre enn medlemmer**
- **Gode forsikringsordningar. Ansvarsforsikring:** Dette er ei forsikring som er god for både den tilsette og spesielt bonden. Viss avløyssaren og andre tilsette utlønna gjennom laget gjer skade kan forsikringa vår dekke tapet. Saka må meldast til administrasjonen med skademelding og dokumentasjon. Det er forsikringsselskapet som gjer vedtak.
- **Kurs for avløyssar og bonde**

Me har hatt 3 år med nytt system, **Webtemp**, elektroniske timelister og portal tilgjengeleg for medlemmer. WebTemp-app på mobil er populær for mange avløyssarar og lett vint å bruke for timeregistrering. Bonden får timane til godkjenning elektronisk.

Lønnsklipp og faktura på e-post er arbeidssparande for administrasjonen og økonomisk for laget.



*Last ned Webtemp-app*



**Landbruksvikar (LV):** Landbrukstenester Sogn får tilskot frå Landbruksdirektoratet, 5,5 årsverk (5,3), etter søknad til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, kr 1 266 100 + kr 220 000 til administrasjonskostnader. Sum kr 1 486 100 (1 445 570).

Samla omsetnad LV kr 3,0 mill (3,0 mill)

Laget har leigeavtale med Leasplan og Autoplan på fire firmabilar som er eit gode for tilsette og økonomisk for laget.

Tal dagar sjuke- eller krise-avløysing utført av fast tilsett landbruksvikar: 640 (581)dagar

331 (401) dagar anna avløysing av landbruksvikar

**Sum: 971 dagar (982)**

Alle bønder i Indre Sogn har tilbod om landbruksvikar uavhengig av medlemskap i Landbrukstenester Sogn.

Beredskapstelefon etter ordinær arbeidstid mobil: 917 76626

### **Tilsette landbruksvikarar:**

Dorian Rusu, Sogndal, Leikanger og Luster  
Mantas Martusevicius, Lærdal, Årdal, Aurland  
Tage Nondal, Luster og Sogndal  
Inger Johanne Yttri, Luster og Sogndal  
Jonathan Jordalen, Vik. Slutta 01.06.18

Jan Ove Fuglesteg, Luster, deltid,  
Julie Bøtun, Vik og Balestrand, deltid  
Gabriela Rusu, Sogndal og Luster, deltid

### **Arbeid utført ved sjukdom m.v:**

Omsetnad 2,4 mill (1,9). Det er mange av medlemane som har eigne avløyssarar som dei ønskjer å bruke ved sjukmelding m.v. Enkelte brukar både landbruksvikaren og eigen avløyssar i kombinasjon.

Antal dagar sjuke- eller krise-avløysing utført av tilkallingsvikar: 109 dagar  
Antal dagar sjuke- eller krise-avløysing utført av fast tilsett avløyssar: 55 dagar  
Antal dagar sjuke- eller krise-avløysing utført av andre utan fast avtale med laget:  
1136 dagar

Landbrukstenester Sogn, Rådhusvegen 5, 6868 Gaupne - tlf. 909 62157 - telfaks 947 61353 -  
<http://www.landbrukstenester-sogn.no/> - Org.nr. 971 364 041 – mobil 917 76626

Email: [aud.fossoy@n-lt.no](mailto:aud.fossoy@n-lt.no), [solveig.sperle@n-lt.no](mailto:solveig.sperle@n-lt.no)



Antal jordbruksføretak som fekk sjukdoms- eller krise-avløysing: 47

Antal jordbruksføretak som ikkje fekk sjukdoms- eller krise-avløysing dei første 14 dagane: 0

Antal jordbruksføretak som ikkje fekk sjukdoms- eller kriseavløysing etter dei første 14 dagane: 2

Avløysartilskot ved sjukdom kr 1 555 (1 500) pr.dag.

Innleigde deltidsavløysarar i arbeidstoppar med mange sjukmelde bønder (studentar i Sogndal og deltidsavløysarar): Florin Maholea, Aksel Baumann, Jenny Nilssen, Andreas Samnøy, Linn Katrin Øyre Standnes, Karina Stormyr, Sivert Hammer og Nina Elise Hjartholm.

### - **Bonden har lov til å vere sjuk**

Landbruket har gode velferdsordningar ved sjukdom. Det er likevel mange bønder som ikkje nyttar seg av ordninga med å få tilskot til avløysing når dei er sjukmelde. Landbrukstenester Sogn er alltid oppdatert på regelverket, og hjelper til med arbeidskraft, søknadsskjema og dokumentasjon. Elektronisk søknadsskjema vart innført frå 15. august 2018.

Bonden har rett til refusjon for lønnsutgifter til avløysar frå fyrste sjukmeldingsdag. Frå dag 17 har bonden rett til sjukepengar frå NAV, utrekna etter personinntekta og midlar over jordbruksavtalen = 100 % av pensjonsgjevande inntekt i gjennomsnitt dei siste 3 åra. Sjukepengane frå NAV vert trekt frå avløysartilskot ved sjukdom før utbetaling.

**Ferie- og fritidsavløysing** er det største området me administrerer. Samla omsetnad kr 17,4 mill (16,8).

Avløysarringar, 5 avløysarar på heiltid:

3 avløysarar i Fjærland: Svetoslav Valchev, Karolina Rybakovaite og Stein Roar Haugen.

1 avløysar på Hafslo: Steinar Kalhagen

Landbrukstenester Sogn, Rådhusvegen 5, 6868 Gaupne - tlf. 909 62157 - telfaks 947 61353 - <http://www.landbrukstenester-sogn.no/> - Org.nr. 971 364 041 – mobil 917 76626

Email: [aud.fossoy@n-lt.no](mailto:aud.fossoy@n-lt.no), [solveig.sperle@n-lt.no](mailto:solveig.sperle@n-lt.no)



*Steinar fekk diplom og klokke frå NLT, overrekt av Aud. Blomar, krus og skjorte frå ringen. Laget spanderte middag på YX saman med ringmedlemmene og adm.*



1 avløysar i Balestrand: Krzystof Sikorski.

Avløysarane arbeider jamt og trutt heile året, ungdomar og seniorar.

Familiejordbruket står sterkt.

Max avløysartilskot i 2018: kr 78 700 (74.200) som er ein auke på 6 %, men avløysartilskotet har ikkje auka i takt med lønnsutgiftene. Bonden får difor i praksis færre avløyste dagar pr. år.

### Arbeidshjelp frå andre land:

Me har utanlandske gjestearbeidarar som tek våronnearbeid, gjerdehald, innhausting av gras, grønnsaker, poteter, moreller, bringebær og jordbær. Jordbruksnæringa er heilt avhengig av sesongarbeidarane som kjem på kortare og lengre oppdrag.

For det meste frå EØS – land: Litauen, Latvia og Polen, men også Romania og Kviterussland

### Årets avløysar

**Steinar Kalhagen** er kåra til årets avløysar i Sogn og Fjordane og tilsett i Landbrukstenester Sogn. Det er Norske Landbrukstenester som deler ut prisen, i følgje nominasjon. Sidan Steinar ikkje hadde høve til å ta imot den gjeve prisen på det nasjonale arrangementet vart det middag, fotografering og meir gåvedryss på Hafslo. Avløysarringen på Hafslo har 6 medlemmer.

Frå nominasjonen:

«Steinar har alltid arbeidd sjølvstendig, teke stort ansvar for dyra, hus og reiskap tilhøyrande den enkelte bonde, dette også utover den faste arbeidstida, om han har sett eller følt at dette har vore naudsynt. Det er aldri nei om me treng ei hjelpande hand utanom den oppsette timeplan, og er det sjukdom så er han alltid klar på kort varsel. Arbeidsdagen er aldri slutt etter klokka, den er slutt når alt er i orden og ofte ein ekstra sjekkrunde etter det. Ein kunne skriva sida opp og sida ned om Steinar sin arbeidsinnsats og pliktfulle innsats for dyra som me ringmedlemmer er svært takksame for.» Steinar har arbeidd som avløysar i 23 år. – Med Steinar på plass kan me



trygt ta oss ein tur bort frå garden utan å ha otte for arbeidet som skal gjerast, seier dei heldige bøndene på Hafslo.

Flott oppslag i Sogn Avis og intervju med Steinar i morgonsendinga på NRK Sogn og Fjordane.



*Årets avløyssar, Steinar Kalhagen, Foto: Sogn Avis.*

**Andre oppdrag:** Løn til personar under 15 år og lønningar utanom jordbruket for i alt 15 bedrifter.

Omsetnad: 3,7 mill (2,9) som etter kvart er ein vesentleg del av totalomsetnad.

*Styret takkar alle avløyssarane, landbruksvikarane og andre tilsette for godt utført arbeid i meldingsåret.*

### ØKONOMI

Resultat før skatt siste åra:

2014:	47 500
2015:	- 4 193
2016:	115 623
2017:	-162280
2018:	<u>4501</u>

**Overskot: 1 151**

## Landbrukstenester Sogn



Landbrukstenester Sogn har god egenkapital, kr 1,6 mill, 6 % av omsetnaden.

Renteutrekning medlemskonto.

Kreditrente: 0,4 % pr. år

Debetrente: 3,0 % pr. år

Medlemsrabatt 0,8 % når utgifter på medlemskonto > kr 100 000.

### INFORMASJON

Det vert lagt ut informasjon på [www.landbrukstenester-sogn.no](http://www.landbrukstenester-sogn.no)

Me har godkjent HMS-system som er godt dokumentert på websida.

Med nokre tastetrykk i Webtemp kan meldingar og infoskriv sendast direkte til alle medlemmer og tilsette på e-post eller sms. Posten blir brukt for dei som ikkje har e-post.



: Aktuelle hendingar og meldingar blir lagt ut på Facebook.

Det vart sendt ut infoskriv to gonger i meldingsåret:

- Beredskapsordning og vakttelefon kveld og helg
- Oversikt landbruksvikarar i regionen
- Fristar for innlevering av timelister
- Nye teljedatoar for søknad om produksjonstillegg og avløysartilskot, 1. mars og 1. oktober samt etterregistrering avløysartilskot m.m.den 10.1.
- HMS og risikovurdering
- Overeinskomst for jordbruks- og gartnerinæringa, lønnsstariff
- Fristar ved årsoppgjeret
- GDPR, ny lov om personvern

### OTP

Landbrukstenester Sogn har **Obligatorisk tenestepensjon (OTP)** for arbeidstakarar over 20 år med minst 20 % stilling, 2 % av brutto løn. Denne kostnaden blir dekkja inn med påslag på 0,8 % på alle lønningar. Forsikringsleverandør, KLP.

Sesongarbeidarar med tilsetjing meir enn 3 år får også OTP når dei har meir enn 20 % stilling.



## KURS OG MØTE

- Årsmøte NLT, Norske Landbrukstenester. Aud Fossøy og Henny Skildheim var valde som utsendingar frå Sogn og Fjordane og møtte der.
- Årsmøte for Landbrukstenester Sogn 22. mars på Sogndal Hotell. 12 medlemmer møtte fram. God diskusjon.
- Norsk kurs. Kompetanseplussmidlar i samarbeid med Folkeuniversitetet og Luster Kommune. Våre tilsette fekk tilbod om gratis norsk kurs. 5 påmelde deltakarar, men varierende oppslutnad p.g.a. varierende kompetanse på elevane. Me prøver på nytt i 2019 med nivåtest før kurs.
- Vårsamling, NLT 29.-30. mai på Værnes. Aud, Solveig og Jon. Kurs: Styrearbeid. Tema: Elektronisk søknad sjukdomsavløyising m.v., Vertikal helse (forsikring), pensjon KLP, Risikoanalyse.
- Kurs for landbruksvikarar og avløyssarar i Florø 28.-30. august. Vertskap: Ytre Sogn og Sunnfjord Landbrukstenester. Tema: Fyrstehjelp v/ Røde kors, Sauehelse v/ Mattilsynet, Avviksmeldingar ved Mattilsynet, bruk av sosiale media, Smittevern, klauvskjering og klauvhelse. Møte med NLT og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga. Besøk og omvisning på Kystmuseet. Utflukt med aktivitetar til Svanøy gard og hjortefarm. Foredrag med lysbilete om drifta av farmen: Kurstilboda deira, matsservering, slakteri, foredling av kjøtet m.m. Omvising på hjortegarden, fôring av hjortane. Omvising på Svanøy hovudgard, historiske fakta av guide. Landbruksvikarar, ringavløyssarar og administrasjonen deltok på samlinga, 9 deltakarar frå vårt lag.
- Kurs i varme arbeid: Stein Roar Haugen og Steinar Kalhagen.
- Haustsamling på Værnes, Hell, med NLT som arrangør 30.10.-01.11. Tema: Kurs i styrearbeid for Jon O. Nummedal. Elles aktuelle tema: Arbeidsrett, Forsikring, Tilsyn i jordbruket og KLP. Fylkesvise samlingar og val av utsendingar til årsmøtet Deltakarar frå vårt lag: Henny Skildheim, Solveig Sperle og Aud Fossøy.
- 26. november. Møte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Tema: Status og aktivitet. Endringar i Landbruksvikarordninga. AGROS – elektronisk søknad om tilskot til landbruksvikardrift og tilskot til sjukdomsavløyising m.v. Aud deltok på møtet.
- Personalmøte med julelunsj på Sogndal Hotell 12.12.2018. Nye deltidstilsette var inviterte. Julegåver. Informasjon frå adm. Me såg på heimesida vår: Snakka





om kåringa av Steinar Kalhagen som vart årets avløyssar og feiring på Hafslo. Beredskapsvakt i jule- og nyttårshelgi. Tage Nondal hadde sett opp plan. Han vart attvald som tillitsmann. Gruppearbeid: Kommunikasjon mellom bonde og avløyssar. Kva er viktig informasjon fyrste gong me kjem til ny fjøs? Gjensidig høflegheit og respekt. Kvifor er det viktig?

Pensjonerte landbruksvikarar, Hans Åretun Sand og Kåre Kvamme, sette pris på å bli inviterte til julelunsjen.



*Bilete frå personalmøtet 12.12.2018. Landbruksvikarar, ringavløysarar, deltidsavløysarar og verneombod.*

*Frå v.: Andreas Samnøy, Karolina Rybakovaite, Steinar Kalhagen, Nina Elise Hjartholm, Jan Ove Fuglesteg, Terje Kalhagen, Dorian Rusu, Tage Nondal, Mantas Martusevicius, Julie Bøtun, Svetoslav Valchev, Linn Katrin Øyre Standnes og Stein Roar Haugen.*

### **FRAMTIDA**

Fleire nye fjøsar er bygt siste åra og fleire er under planlegging . Optimisme og nyinvesteringar i Sogn er positivt for næringa og gjev fine og moderne arbeidsplassar også for våre tilsette 😊

Større einingar og færre innbyggjarar på landsbygda gjer kvart enkelt gardsbruk meir sårbart ved krise og sjukdom. Me skulerer våre tilsette til å kunne ta over fjøsstellet for all type husdyrhald i heile det geografiske område vårt. Kvar enkelt bonde må også ta meir ansvar sjølv og gje opplæring til både avløyssar og landbruksvikar.

Styret er i gang med utarbeiding av strategiplan 2019 – 2022 og har leigt inn ekstern hjelp, «Steg for Steg» Ola Jordhøy, i samarbeid med andre lag i fylket.

# Landbrukstenester Sogn



10

Gaupne, 14. mars 2019.

Styret:

.....  
styreleiar

Jon O. Nummedal

.....  
nestleiar

Henny K.M. Skildheim

Ole J. Lerum

.....  
Ole Tjugum

Erling Gjerde

Ingmar Hjellum

.....  
Terje Prestegård

Tage Nondal

.....  
dagleg leiar

Aud Fossøy